




FJELL KOMMUNE

Serviceorgsjefen



Kultur- og kyrkjedepartementet

Pb. 8030 Dep
0030 Oslo

Dykkar ref.

Vår ref.
2007/292 - 5894/2007

Saksh. - tlf.
Trude Bendiksen - 56 32 65 28

Dato
16.03.2007

Høyringsuttale - "Bibliotekreform 2014"

Vedlagt følger Fjell kommune sin høyringsuttale i høve "Bibliotekreform 2014".

Med helsing


Trude Bendiksen
biblioteksjef

FJELL KOMMUNE

Servicetorgsjefen

Dato: 16.03.2007

Vår ref.: 2007/292 - 5888/2007

Ark.kode: 230

HØYRINGSUTTALE

BIBLIOTEKREFORM 2014

GENERELLE KOMMENTARAR

Fjell kommune er positiv til ei styrking av biblioteksektoren slik Bibliotekreform 2014 legg opp til. Det er viktig for dei lokale biblioteka at utredninga legg opp til eit større statleg ansvar for utviklinga av nasjonale bibliotektenester, særleg innanfor digitalt innhald og nettbaserte tenester. Den auka satsinga på kvalitet og utvikling av bibliotektilbodet er heilt i samsvar med Fjell kommune sitt hovudmål for organisasjonen: "Fjell kommune skal vera den mest veldrivne kommunen i landet. Det skal vera eit sterkt fokus på utviklinga av kvalitet i tenestene." Dette målet stiller store krav til dei ulike tenestetilboda i kommunen, men er samstundes ein sterk garanti for at kommunen vil vera i forkant av utviklinga nasjonalt, og at kompetansebygging innanfor alle felt er eit naudsynt og sjølvstøtt satsingsområde.

Det er viktig å sjå utviklinga av det totale bibliotektilbodet (folkebibliotek, skulebibliotek og fag/forskningsbibliotek) i Noreg under eitt. Det eksisterande nettverkssamarbeidet mellom og innanfor dei ulike bibliotektypane må vidareutviklast til eit forpliktande nasjonalt biblioteknett til beste for brukarane. Utvikling av Norgesbiblioteket, det samarbeidande biblioteknettverket basert på arbeidsfordeling mellom dei ulike bibliotek og bibliotektypar, gjennom realisering av strategiane og tiltaka i utredninga, vil vera ein fornuftig veg å gå. Ein betre integrert biblioteksektor på nasjonalt nivå føreset likevel organisatoriske grep for å sikra samarbeidet mellom Kultur- og kyrkjedepartementet og Kunnskapsdepartementet.

Eit godt og forpliktande samarbeid i biblioteknettet, vil også føresetja eit tydelegare lovverk for biblioteksektoren som heilskap. Fjell kommune ser det som positivt at det på bakgrunn av utredninga Bibliotekreform 2014 vert utarbeidd ein Stortingsmelding, og vidare ein lovproposisjon med tanke på felles biblioteklov for folke-, fylkes-, skule-, høgskule- og universitetsbiblioteka.

Bibliotekutredning tar for seg dei viktigaste utfordringane norsk biblioteksektor står overfor i åra framover. Hovudingrediensane er satsing på kvalitet og fornying i innhald og tenester gjennom digitale tenester og aktiv formidling, gjennomføring av ein organisatorisk reform, og satsing på kompetanseutvikling og forskning. Dei tre målområda med tilhøyrande strategiar og tiltak; biblioteka sine innhald og tenester, struktur og organisering, samt kompetanse og forskning, vil vi kommentera særskilt under.

MÅLOMRÅDE 1: Innhald og tenester i Norgesbiblioteket

Fjell kommune er samd med dei fleste strategiane og tiltaka innanfor dette målområdet. Kommentaraner under gjeld berre strategiar og tiltak der vi har viktige innvendingar eller merknader

Det er viktig å understreka at det bør vera eit statleg utviklings- og driftsansvar for nasjonale digitale tenester, men at ein likevel er open for initiativ frå kommunar og regionar når det gjeld utvikling av nye digitale tenester.

1.1 Tilby digitalt innhald og nettbaserte tenester

Denne strategien er viktig for utviklinga og fornyinga av det lokale, regionale og nasjonale bibliotektilbodet. Den statlege satsinga er ein føresetnad for at små og mellomstore bibliotek ikkje skal bli hengande etter i utviklinga.

Vi kan likevel ikkje sjå at det å etablera ein ABM-portal som felles inngang til nettbaserte kultur- og kunnskapsressurar er vegen å gå innanfor dette området. For det første veit vi at mindre enn 1 % startar sitt søk på Internett via ein heimeside/portal. Dei fleste går via søkjemotorar for å få svar på sine spesifikke behov. Vi meiner at ein bør nytta ressursane til utvikling av innhald og kvalitetssikring av dei digitale tenestene, ikkje til å etablera ein portal. For det andre er det viktig med ein felles, tydeleg profilering av biblioteknettverket. Ein ABM-portal vil snarare kunna føra til at biblioteka forsvinn i det diffuse ABM-omgrepet.

Iverksetjing av programmet Norsk digitalt bibliotek (NDB) vert avgjerande for utviklinga av nasjonale fellestenester i samarbeid mellom biblioteka. Vi er samd i at dette kan gje eit godt fundament for eit felles digitalt bibliotek som skal samla ein rekkje nasjonale og lokale tenester. Felles søk i norske bibliotekdatabasar, Samsøk, og Biblioteksvar, tenesta der brukarane kan få hjelp, via e-post, "chatting" eller SMS, til å finna den informasjonen dei er på jakt etter, bør prioriterast. Desse bør etablerast som faste tenester med statleg finansiering til drift og marknadsføring. NDB må sjølvstendig etterkvart utvidast med nye tenester og tilbod for å utvikla det saumlause bibliotektilbodet mot brukarane.

Nettbaserte tenester skal liggja føre både på nynorsk og bokmål.

1.2 Utvikla nye digitale tenester

Fjell kommune er samd i at biblioteka bør vera i forkant når det gjeld nye digitale løysingar. Ein bør oppmuntra til prosjektsamarbeid mellom fleire bibliotek for å testa ut ny teknologi og utvikla nye tenester i biblioteka. I tillegg til statleg satsing innanfor dette området og tildeling av prosjektmiddel til større samarbeidsprosjekt gjennom ABM-U (Staten senter for arkiv, bibliotek og museum), ønskjer vi òg at det skal setjast av ein regional pott til dette føremålet. Etter søknad kan midla frå denne potten gå til mindre prosjekt og utviklingsidéar. Ein slik regional tildeling vil ha som føremon lav terskel for søknad, og rask og jamleg handsaming.

1.5 Vidareutvikla kultur- og litteraturformidlinga i biblioteka

Biblioteka skal vera ein aktiv arena for formidling av litteratur og andre kulturuttrykk, og bidra til djup forståing i eit breitt utval av kunstuttrykk og medieformar. Alle folkebibliotek skal ha eigne tilbod til barn og unge. Det skal setjast av tilstrekkeleg ressursar til formidling av litteratur på nynorsk og bokmål, og til andre kunststartar

Litteraturformidling er eit kjerneområde når det gjeld folke- og skulebibliotek og kompetanseutvikling innanfor formidling er ressurskrevjande på fleire vis, både for utdanningstilbydar og kursdeltakar. Dette området har difor ofte blitt nedprioritert. på den

bakgrunn er det gledeleg at utredninga legg opp til styrking av litteraturformidlinga, m.a. gjennom etablering av eit eige nasjonal program for litteraturformidling med tilhøyrande nett-tenester.

Utarbeiding av ein handlingsplan for å styrkja bibliotek, arkiv og museer som lokalhistoriske sentre er også eit særskilt viktig punkt under denne strategien. Kunnskap om lokalhistorie er viktig for å utvikla ein lokal identitet. Dette er kan hende særleg viktig i ein vekstkommune som Fjell, der storparten av dei vaksne innbyggjarane er tilflyttarar frå andre kommunar med ein annan kultur og identitet, og ikkje alltid føler ein naturleg tilknytning til kommunen dei no bur i. Folketalsutviklinga i Fjell har vore eksplosiv, får rundt 7000 innbyggjarar tidleg på sytti-talet, til over 20.000 i 2007. Då vert det viktig for kommunen å skapa ein felles samkjensle basert på ein blanding av lokal historie og nye impulsar.

1.6 Styrka biblioteka som bidragsytarar til inkludering, integrering og kulturelt mangfald.

Biblioteket er eit tilbod med lav terskel for bruk. Innvandrarar har tradisjonelt nytta biblioteket i stor grad, både som møteplass, ”søkjemotor” ut mot det norske samfunnet og for å halda kontakt med heimlandet gjennom litteratur, avisar og personleg kontakt via e-post, ”chatting” m.m. Fjell kommune ser det både som viktig og riktig at biblioteka skal bidra til inkludering av innvandrarar gjennom litteratur- og kunnskapsformidling.

Det er viktig for dei lokale folkebiblioteket at staten opprettheld sin satsing på Det fleirspråklege bibliotek i Oslo, slik at ein kan vidareutvikla dette biblioteket som eit levande og oppdatert depotbibliotek og kompetansesenter for fleirspråklege bibliotektenester. Fjell kommune nyttar desse tenestene aktivt, både for å låna litteratur på språket til dei innvandrarane vi til einkvar tid har i kommunen, som kunnskapsbase ved eigne innkjøp og som kompetansesenter ved utforming av bibliotektenestene til denne gruppa.

MÅLOMRÅDE 2: Struktur og organisering

2.1. Styrka og utvikla dei organisatoriske einingane i Norgesbiblioteket

I utredninga legg ein opp til å etablera sterkare og meir kompetente folkebibliotek gjennom ein konsolideringsprosess som omfattar biblioteka i fleire kommunar. Konsoliderte bibliotek bør, i følgje utredninga, ha minimum 6-8 årsverk.

Fjell kommune sluttar seg til det formulerte målet i denne strategien, men kan ikkje sjå at løysingane/tiltaka utan vidare må vera låst til einskilde modellar, som konsolidering. Forpliktande samarbeid mellom biblioteka i ein region er viktig for å få til ei meir effektiv utnytting og samordning av ressursane, og for å styrka fagmiljøa og kvaliteten på tenestene. Korleis dette samarbeidet organiserast bør vera opp til dei lokale styresmaktane, etter lokale og regionale behov og føresetnader. Nokre stader kan konsolidering vera det rette, medan det andre stader er meir aktuelt med andre samarbeidsmodellar, mellom anna basert på geografisk, historisk og praktisk grunnlag. Målet må heile tida vera at sluttproduktet til brukarane av bibliotektenestene skal bli betre, og at tenestene er tilpassa lokale forhold og behov. Biblioteka i Fjell, Sund og Øygarden har hatt forpliktande samarbeid i mange år, mellom anna gjennom ei felles heimeside www.biblioteka.igest.no . Vi ønskjer å utvikla dette samarbeidet vidare, med andre tenester og tilbod, men ser ikkje at konsolidering er einaste vegen å gå, for å styrka og utvikla biblioteka i regionen. Fylkesbiblioteket bør ha tilstrekkeleg ressursar til å fylla rolla som regional utviklingsaktør for å stimulera til utvikling av nye samarbeidsformer mellom biblioteka.

Fjell kommune ser på iverksetjing av eit program for skulebibliotekutvikling som eit viktig tiltak i bibliotekreforma. Skulebiblioteka manglar ofte ressursar for å kunne tilby elevar og lærarar gode nok bibliotektenester, eit problem som er blitt endå tydelegare ved innføringa av Kunnskapsløftet. Det er ikkje mogleg å nå måla i Kunnskapsløftet utan at kvar einskild skule har eit godt skulebibliotek, og ein opprusting er difor heilt naudsynt. Eit tettare samarbeid mellom folke- og skulebibliotek vil vera ein viktig faktor i ei slik styrking og utvikling. Vi meiner òg det er grunn til å tru at krav til bibliotektenester i opplæringslova vil føra til ei sterkare satsing på bibliotek i grunnskulen og den vidaregåande skule.

I Fjell kommune har ein organisert den pedagogiske læremiddelsamlinga (Pedagogisk senter) under folkeboksamlinga. Ein slik organisering fører til eit betre tilbod til pedagogisk personale i kommunen, i og med at dei har tilgang til både folkebiblioteket og læremiddelsamlinga i same lokalet. Tilbodet er også meir tilgjengeleg enn tidlegare, både når det gjeld plassering sentralt i det største kjøpesenteret i regionen, og når det gjeld opningstid.

2.3 Utvikla eit brukarorientert og samarbeidande Norgesbibliotek

Vi støttar at bibliotekloven vert endra slik at alle offentlege bibliotek vert pålagt å ta del i det nasjonale biblioteknettverket, som skal byggja på forpliktande samarbeid mellom ulike offentlege bibliotek. Dette vil sikra gode bibliotektenester og tilgang til landet sine samla bibliotekressursar for heile befolkninga, uavhengig av bustad, arbeidsplass eller tilknytning til utdanningsinstitusjon. Slik det er no er offentlege bibliotek heimla i minst tre ulike lover og organisert under ulike departement og med ulike krav og forventningar.

Kompetansekrava til tilsette i bibliotek er ikkje regulert, med unnatak av krava i folkebiblioteklova til bibliotekfagleg utdanning i stillingar som biblioteksjef i kommunane og som fylkesbiblioteksjef.

Ein felles biblioteklov bør etter vår meining fortsett sikra vidareføring av gratisprinsippet for bibliotektenester, stilla konkrete krav til kompetanse i biblioteka, sikra eit nasjonalt fjernlånsystem og plassera biblioteka som demokratisk rett for innbyggjarane.

MÅLOMRÅDE 3: Kompetanse og forskning

Skal biblioteka vidareutviklast er det viktig at det til einkvar tid går føre seg forskingsarbeid knytt til sektoren. Det er viktig at bibliotekforskning vert formidla og utforma saman med praksisfeltet.

3.1 Fornya den samla kompetansen i biblioteksektoren

Det er gledeleg med auka innsats på kompetanse. At utredninga knytar denne innsatsen opp mot dei konsoliderte biblioteka er kan hende ikkje det mest hensiktsmessige. Målet må vera å gje brukarane betre bibliotektenester, og då kan ikkje samanslåing vera eit krav for å ta del i programmet for kompetanseutvikling. Eit større kompetanseutviklingsprogram bør innehalda litteratur- og informasjonskompetanse, marknadsføring, leiing, m.m.